

NVE
Middelthunsgate 29
0301 OSLO

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr.	Dato
18/1448 -2		Karen Weichert	414 42 726	13.09.2018

Innspel om viktige regionale interesser i samband med nasjonal ramme for vindkraft

Vi viser til brev av 8.6.2018 der kommunane blir oppmoda om å sende innspel om viktige regionale interesser i samband med nasjonal ramme for vindkraft. Mykje areal i analyseområde 18 ligg i Vik kommune. Vi vil her gje informasjon om viktige regionale interesser som ligg i dette analyseområde:

- Stølsheimen landskapsvernområde
- Fjellheimen villreinområde
- Viktige friluftslivsområde
- Verdifulle arkeologiske kulturminne

For Stølsheimen LVO og Fjellheimen villreinområde visast det til vedtekne forvaltningsplanar.

Kulturminneplan for Vik kommune 2018-2029 er planlagd vedteken innan okt. 2018. Kulturminneplanen omfattar m.a. arkeologiske kulturminne i form av fangstsanlegg for rein på fjellet. Slike anlegg finst både på Vikafjellet og i Stølsheimen. Mange av desse er ikkje kartlagde ennå.

Vik kommune held på med kartlegging av friluftslivsområde med målet om å bli ferdig innan 2018. Kartlegging og verdivurdering av område er avslutta, det gjenstår kvalitetssikring og implementering i Naturbasen. Sjå vedlagt skjermbilete for friluftslivsområde i det aktuelle området. Dei store friluftslivsområde på fjellet held fram også i nabokommunane.

Med helsing

Oddbjørn Ese
Rådmann

Karen Weichert
Rådgjevar plan og forvaltning

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Vedlegg

Dok.dato
13.09.2018

Tittel
Kartlagde
friluftslivsomraade 2018
utsnitt

Dok.ID
175081

